



Saksnr.	Utval	Møtedato
030/18	Formannskapet	28.02.2018
	Kommunestyret	

### Høyring - Lokal forskrift om spreiring av husdyrgjødsel - spreingsfrist

#### Bakgrunn for saka:

Det er frå fleire hald ytra ønske om at kommunen vedtek ei lokal forskrift om ein seinare frist for spreiring av husdyrgjødsel enn 1. september.

Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav har reglar om spreiring av husdyrgjødsel og § 23 gjev reglar om spreietidspunkt for husdyrgjødsel utan nedmolding.

Føresegna seier mellom anna følgjande: «*Spredning av gjødselvarer av organisk opphav er kun tillatt i perioden 15. februar til 1. november. Det er ikke tillatt å spre gjødselvarer på snødekket eller frossen mark.*

*Spredning utan nedmolding/nedfelling på eng og annen grøde bør gjøres så tidlig i vekstsesongen at det er mulighet for betydelig gjenvækst som høstes eller beites, og skal gjøres senest innen 1. september, dersom ikke noe annet er bestemt av kommunen iht. tredje ledd.»*

Etter forskrifta er frist for spreiring utan nedmolding sett til 1. september kvart år. Etter § 23 tredje ledd har kommunen fått heimel til å forlenge fristen til 1. oktober gjennom fatsetjing av lokal forskrift. Selje kommune har ikkje ei slik forskrift.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i forvaltningslova § 37 vert følgjande framlegg til forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav for Selje kommune sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn: «I medhald av forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23 tredje ledd, vert siste frist for spreiring av husdyrgjødsel på grasmark i Selje kommune sett til 20. september.»

#### Formannskapet 28.02.2018:

#### Handsaming:

Fellesframlegg frå Formannskapet, foreslått av ,

Med heimel i forvaltningslova § 37 vert følgjande framlegg til forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav for Selje kommune sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn:

«I medhald av forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23 tredje ledd, vert siste frist for

spreiing av husdyrgjødsel på grasmark i Selje kommune sett til 1. oktober."

7 voterande

Votering: Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for.

Fellesframlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for. Samrøystes.

#### **FS- 030/18 Vedtak:**

Med heimel i forvaltningslova § 37 vert følgjande framlegg til forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav for Selje kommune sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn: «I medhald av forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23 tredje ledd, vert siste frist for spreiiing av husdyrgjødsel på grasmark i Selje kommune sett til 1. oktober."

#### **Saksopplysningar:**

##### **Aktuelle lover, forskrifter:**

Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, § 23 fjerde ledd.

##### **Vurderingar:**

I den grad bøndene ikkje har gjennomført spreiiing av husdyrgjødsel innan 1. september, kan det søkjast om dispensasjon frå den lokale forskrifta. Det kan då gjevast løyve til spreiiing utan nedmolding fram til 1. oktober. Føresetnaden for å gje dispensasjon er at dei klimatiske forholda tilseier det. Dei siste åra har vilkåra for å gje dispensasjon vore oppfylt, slik at det har vore mogleg å spreie utan nedmolding fram til 1. oktober. Usett frist vert gjeve på bakgrunn av innsendt søknad og sakshandsaming. Kva dispensasjon skal vidare rapporterast til Fylkesmannen. Denne typen sakshandsaming er resurskrevjande for både bøndene og kommunen. Denne typen sakshandsaming unngår ein i stor grad ved å forlenge fristen for spreiiing utan nedmolding til 20. september gjennom å vedta ei lokal forskrift. Spreiiing kan då gjerast fram til dette tidspunkt, så lenge dei klimatiske forholda og vasskvaliteten i kommunen sine vassdrag tillèt det. EU sitt vassdirektiv set krav til vasskvalitet i alle vassforekomstar og for sein spreiiing der plantane ikkje er i vekst og kan ta opp næringsstoffa vil lett føre til skadeleg avrenning og brot på desse reglane. Tilskrekkeleg tilvekst og høve til hausting/beiting etter spreiiing er eit krav etter gjødselvarerforskrifta og EU-direktivet.

På den andre sida er spreiefristen 1. september vanskeleg og av og til uheldig viss det er kraftig nedbørperiode mot slutten av august. Utsett hausting på grunn av våte vertilhøve gjer nokre år at andreslåttan ikkje er avslutta før spreiefristen for gjødsel går ut. Eid, Gloppen og Selje har samordna frist i sine framlegg til forskrift, som blir handsama i løpet av året.

Ved innføring av forskrift skal ein etter reglane i forvaltningslova § 37 sjå til at «*saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes*».

Før vedtak av forskrift er det vidare eit krav om varsling:

*«Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig*

*berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre».*

Kravet i føresegna inneber at saka om ny forskrift vert sendt til aktuelle lag og organisasjonar, slik som bondelaget og Sau og Geit til høyring før endeleg vedtak vert gjort i saka.

Når fristen for uttale er ute, vil saka bli lagt fram for endeleg politisk handsaming.